



# Årsmøte Vikebygd Grendautval torsdag 13.02.20

Stad: Bygdahuset

Til stades:

Frå styret:

Solveig Hortman, Anna Langhelle, Stein Andor Sundve, Håvard Tveit, Marijann Larsen, Espen Årvik.

14 møtte ifrå bygda.

Møteleiar: Solveig Hortman

Referent: Espen Årvik

Møteinnkalling og sakslista vart godkjend

**Saksliste:**

- Årsmelding 2019 – v/Solveig
  - Saker frå Grendautvalet
  - Rekneskap 2019 – v/Håvard
  - Innkomne forslag – v/Solveig
  - Val av nytt styre – v/Valkomiteen
- 
- 1. Årsmelding 2019 – v/Solveig

Årsberetninga vart lest opp av Solveig. Godkjend.

## 2. Saker frå Grendautvalet

Solveig gjekk igjennom kva som har skjedd i VGU i 2019. Som mellom anna utsetjing av kuskap/tunkassar, maling av Svartaløå, Trovåg saka, Hagefest, SØK-midlar, Trafikksikring, Fiber, og Vikebygd filmen.

Stein Andor viste fram besøk-statistikk for [www.vikebygd.no](http://www.vikebygd.no)

## Handlingsplan for 2020-2024

- Fokus på handgripelege oppgåver
- Handsame forslag som kjem frå innbyggjarane
- Vera eit bindeledd mellom innbyggjarane og kommunen
- Ha ansvar for tildeling av SØK-midlar
- Aktivitetar med mål om å auka tilflyttinga til bygda.
- Oppgåver nytt styre vel å fokusera på.

Salen tok opp problem med gjennomkjøring mellom Lio felta og behov for tiltak.

Det blei og diskutert at styret må sjå på korleis filmen betre marknadsførast.

Fiber-saka må VGU halda trykk på vidare, og det same gjeld forholda om mobildekning som framleis er eit problem nord i bygda.

### 3. Rekneskap 2019 – v/Håvard

Håvard gjekk igjennom rekneskap for 2019. Kr. 102.278 på konto. Godkjend.

### 4. Innkomne forslag – v/Solveig

Det var lite innkomne forslag til Årsmøte. Det var eit forslag på å betre lysforholda rundt Bygdahuset.

### 5. Val av nytt styre – v/Valkomiteen

Gunn Vikingstad vart vald inn som ny leiar.

Gunnar Birkeland som nestleiar

Geir Tveit som vara.

Anna Langhelle, Ingrid Mathilde Sørvåg og Frode Tindeland blei valt til valkomitéen.

Revisorar: Rolf Alne og Kjell Atle Barane vald.

Det kom forslag på å få ungdomsrepresentantar inn i VGU-styret. Dette skal det nye styret sjå på.